



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

Kommunane i Møre og Romsdal

Dato: 12. mars 2021

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

### **Vilkårsrevisjon i dei regulerte vassdraga**

Mange av vassdraga våre er regulert for kraftproduksjon. Ein del av desse utbyggingane har gamaldagse vilkår som treng fornying som er meir i tråd med dagens kunnskapsnivå om natur og ålmenta sine interesser.

I 2013 vart det laga ein rapport frå NVE og Milljødirektoratet for å kartleggje og vurdere dei mange gamle vassdragsreguleringane i landet vårt. Formålet var å systematiserte ein revisjon for å betre miljøforholdene i dei regulerte vassdraga. Den viste at innan 2022 kan vilkåra i 395 norske vassdragskonsesjonar fordelt på 187 vassdrag takast opp til revisjon. For vårt fylke er det 21 vassdragsreguleringar som det er mogleg å fremje konsesjonskrav om innan 2022:



Tabell 7.8. Oppsummering av resultater fra gjennomgang av vassdrag i Møre og Romsdal.

Vannregion - revisjonsobjekt - vassdrag			Prod.	Verdi/påvirkning				Aktuelle tiltak				Anslått krafttap (Q95)			Annet		Kat.
Vannregion	Rev.ID	Vassdrag/ revisjonsobjekt	Prod. kraftverk GWh/år	Samlet VPS_gr	VP_Fisk/fiske	VP_Naturmangfold	VP_Landskap/ friluftsliv	Minstevannføring	Driftsvannføring	Magasinestr.	Andre	KT_gr	GWh/år	% av prod.	Fleråsmagasiner	Flomutsatte omr.	PRIORITET
Møre og R.	601	Surnavassdraget (Folla-Vindøla)	960	5	4	3	4	x	x	x	x	2	20-50	< 5	N	J	1.1
Møre og R.	604	Aura/Eira (Aurareguleringen)	1964	5	5	4	5	x		x		3	75-100	< 5	N	N	1.1
Møre og R.	605	Tafjordvassdraget (Tafjordutbyggingen)	1259	5	1	1	5	x		x		2	75-100	< 5	J	N	1.1
Møre og R.	606	Drivavassdraget, Festa-Vindøla	602	5	2	3	5	x				5	75-100	> 10	N	J	1.2
Møre og R.	607	Raumavassdraget	680	5	5	3	5	x				2	5-20	< 5	N	J	1.2
Møre og R.	608	Svorka/Bævra	117	2	3	1	1	x				1	< 5	< 5	N	N	1.2
Møre og R.	610	Innfjordelva	48	4	4	1	3	x	x			2	< 5	5-10	N	N	1.2
Møre og R.	602	Istadvassdraget	26	2	1	3	1										2.1
Møre og R.	603	Tusseelva (Tyssa)	260	2	1	1	3										2.1
Møre og R.	609	Grytåa	24	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	611	Fausaelva/Ramstaddalselva	44	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	612	Riksheimelva	35	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	613	Skarselva (Storelva)	14	2	1	3	1										2.1
Møre og R.	614	Brandalselva	42	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	615	Åmelavassdraget	131	2	1	1	3										2.1
Møre og R.	616	Dalselva (Litebøelva)	25	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	617	Mørevassdraget (Austefjordelva)	30	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	619	Gjerdsvikvassdraget	10	1	1	1	1										2.1
Møre og R.	618	Ørstavassdraget (Storelva)	44	1	2	1	1										2.2
Møre og R.	620	Ålvundelva (Ulvåa)	75	2	1	1	3										2.2
Møre og R.	621	Verma	65	2	1	1	3										2.2

Tabell - Vannkraftkonsesjoner som kan reviderast innan 2022 - Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering (frå side 63)

Som ein ser av tabellen er det satt opp ei prioritering av vassdraga ut frå gjevne føresetnader og ein metodikk utvikla av dei to direktorata. Fisk/fiske er særleg vektlagt, men også naturmangfald, landskap og friluftsliv er viktig. Vidare viser tabellen at det mest aktuelle tiltaket som kan gjerast for å forbetre miljøet er å sette ei minstevassføring. Etter det, ei regulering av driftsvatnet som blir køyrd og så reguleringa av vassmagasinet der det er aktuelt.

Ein revisjon vil ha som mål å betre miljøtilhøva i allereide regulerte vassdrag. Revisjonen skal også gi høve til å oppheve vilkår som har vist seg urimelege, unødvendige eller uhensiktsmessige. Innholdslause vilkår kan fjernast, for eksempel spesielle vilkår som er knytt til sjølvne anleggsperioda. Revisjonen gir ei moglegheit til å sette nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for ålmenne interesser som har oppstått som følge av reguleringane.

Det er ikkje alt ved konsesjonsvilkåra som kan reviderast. Tildømes kan ein ikkje krevje endring av høgaste regulerte vannstand (HRV) og lavaste regulerte vannstand (LRV) i eit magasin. Men ein kan krevje endringar på manøvreringa av vassstanden innanfor HRV og LRV.



Tidlegare har tiltak i form av fiskeutsettingar utgjort hovudtyngda av avbøtande tiltak i regulerte vassdrag. Så har det gått meir over i biotopforbetrande tiltak (BT) ettersom ein forstod kva stadeigen fisk og genar var for noko. Etterkvart som ein ser begrensninga på BT har vi gått tilbake til origo og stadfesta at **vatnet er grunnlaget for livet i elva**. Dette betyr i praksis at ein minimum vassføring i ulike årstider sett ut frå økologisk perspektiv (tilpassa minstevassføring) er det som verkar best på tiltakssida. Å fortsette å sette ut framand fisk i elvar eller vassmagasin som blir liggande på tørre landet grunna effektkjøring av eit kraftverk er jo ikkje berekraftig. Då er det betre å vere realistisk eks ved å setje inn tiltak som styrkjer det naturlege produksjonsgrunnlaget og gjer at naturleg vandring igjen kan kompensere for tapt/reduert fiskeproduksjon. Der ein kan oppnå eit haustbart overskot med vassførings- og habitattiltak, skal det jo ikkje setjast ut fisk.

Vårt syn på landskapet, vår form for friluftsliv og opplevingskvalitetar av natur er under stadig endring. Det betyr fort at vår verdsetting av desse kvalitetane vil føre til eit anna resultat i dag enn som var tilfelle ved tidlegare vassdragsreguleringar. Vi har no ei moglegheit til å få vurdert slike ålmenne interesser ved ein revisjon.

No er det slik at eit kvart revisjonskrav vil bli vurdert før det eventuelt blir ført vidare. For sjølv om hovudformålet med revisjonane er å forbetre miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å sette nye vilkår, krevs det at kraftproduksjonen ikkje blir vesentleg redusert. Vi les av dette at NVE vil nok syte for at avveginga mellom pengar og natur blir gjort. Samstundes trur vi at ved å tenkje heilt nytt, eks ved minstevassføring blir sleppt meir målretta i økologisk viktige perioder og mindre utanom desse periodane kan ein ofte oppnå betydeleg gevinst, både økologisk og økonomisk.

No er det slik at denne vilkårsrevisjon fort heng i hop med andre viktige faktorar i vannarbeidet; EUs vannrammedirektiv, dei regionale vannforvaltningsplanane og FN sine berekraftsmål:

**EUs rammedirektiv for vann** – vanndirektivet – sett rammene for korleis vassmiljøet skal ivaretakast, og Norge har teke dette inn i EØS-avtalen, samt vedteke ei forskrift for gjennomføringa. Vanndirektivet har som mål å sikre helheitleg beskyttelse og berekraftig bruk av vassforekomstane i alt kystvann og alle vassdrag. Revisjoner vil vere det viktigaste regelverket for å gjennomføre vanndirektivet innanfor regulerte vassdrag.

Utkast til **Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal** med tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram er no lagt ut til høyring i perioden 1. mars til 31. mai 2021. Den regionale vassforvaltningsplanen er eit viktig verktøy for å oppfylle vassforskrifta sitt mål om heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassmiljøet og vassressursane våre. Det viktigaste planen gjer er å fastsette miljømål i kyst, innsjø, elv og grunnvatn. Miljømåla har eit overordna mål om at vassforekomstane skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand innan 2027 og krev miljøforbetrande tiltak for å oppnå desse måla.



FN har bestemt at **2021-2030 skal være verdens tiår for restaurering av økosystemer.**

Naturrestaurering er tiltak for å reparere og forbedre natur og økosystem som er øydelagt eller forstyrret. FN ønsker at tiåret for naturrestaurering skal gi eit verkeleg løft til arbeidet med å restaurere skada og øydelagt natur.

I vårt fylke har det til no kome inn 9 revisjonskrav av dei 21 moglege vassdraga. Nokre av desse 9 har så vidt starta medan andre er vedteke endra i statsråd. For 12 av vassdraga er det enno ikkje registrert noko revisjonskrav på:

1. Surna (Folda-Vinddøla) – Reviderte konsesjonsvilkår vedteke i Kgl res 5 mars 2021.
2. Aura – NVE har sendt innstilling til OED.
3. Tafjordvassdraget – revisjonskrav for Muldalselva – NVE sendt brev til kommunane med høyringsfrist 1 juli 2021
4. Drivavassdraget - NVE har sendt tilråding til OED og avventar svar
5. Raumavassdraget – revisjonskrav knytt til Mardalsfossen – saka skal opp til politisk vurdering i Molde kommune til våren
6. Svorka-Bævra – Revisjon under behandling i NVE
7. Innfjorden ?
8. Istadvassdraget – revisjonskrav sendt til NVE
9. Tusselva ?
10. Grytåa ?
11. Fausaelva/Ramstadelva ?
12. Riksheimelva – revisjonskrav sendt til NVE
13. Skarselva ?
14. Brandalselva ?
15. Åmelavassdraget – revisjonskrav sendt til NVE
16. Dalselva (Litlebøelva) ?
17. Mørevassdraget – revisjonskrav sendt til NVE
18. Gjerdsvikvassdraget ?
19. Ørstavassdraget ?
20. Ålvundelva (Ulvåa) ?
21. Verma ?

Vi har teke kontakt med NVE og andre som har informasjon om tema vilkårsrevisjon av tidlegare vassdragsreguleringar. Frå NVE får vi opplyst at i nær framtid vil dei ikkje sette i gang andre vilkårsrevisjonar i Møre og Romsdal enn dei 9 som er påstarta. Samstundes seier NVE at dei vil selvfølgjeleg vurdere revisjonskrav hvis dei får inn begrunna krav frå almenne interesser i fylket.



forum for  
natur og friluftsliv  
Møre og Romsdal

For at ein kan starte ein revisjonsprosess krevs det at det blir fremja eit revisjonskrav. Dette kan gjerast ved at ein skriv eit brev til offentlege myndigheiter (NVE eller andre) og påpeiker manglar/feil og krev revisjon. Vi legg ved nokre døme på slike revisjonskrav. Alle rettighetshavarar, interesseorganisasjonar som har ålmenne interesser og offentlege myndigheiter (oftast kommunen) kan rette eit slikt krav. Eit slikt krav er ikkje avhengig av at kommunen uttaler seg om saka sjølv om dette styrkjer revisjonskravet.

## Konklusjon

FNF Møre og Romsdal ønskjer at kommunane og interesseorganisasjonane som bryr seg om dei regulerte elvene, gjer ei vurdering kor vidt dei gjeldande konsesjonsvilkåra fungerer til beste for folk og miljø. Om det er noko ved tilhøva som bør endrast, så er tida no i dette året før årsskiftet 2022, å krevje dette for dei spesifikke vassdrag nemnd ovanfor. Om det er noko vi og våre organisasjonar kan hjelpe til med å vurdere og fremje revisjonskrav så ta kontakt.

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
NVE  
Interesseorganisasjonar i Møre og Romsdal

Vedlegg:  
Krav om revisjon av vassdragsregulering for Mørevassdraget i Volda av 15 mars 2014  
Krav om revisjon av Grytten kraftanlegg av 7 feb 2020

Kjelder:  
[http://publikasjoner.nve.no/rapport/2013/rapport2013\\_49.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2013/rapport2013_49.pdf)  
[https://www.nve.no/media/2274/retningslinjer-for-revisjon\\_25mai\\_siste.pdf](https://www.nve.no/media/2274/retningslinjer-for-revisjon_25mai_siste.pdf)  
<https://www.nve.no/media/9941/mal-for-revisjonsdokument-27-3-2020.pdf>



**f**orum for  
**n**atur og **f**riluftsliv  
Møre og Romsdal

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonsbehandling-av-vannkraft/revisjon-av-konsesjonsvilkar/>

Høringsdokumenta for regional vassforvaltningsplan Møre og Romsdal; sjå  
<https://www.vannportalen.no/vannregioner/more-og-romsdal/moter-og-referater/hoyringsutkast-plan-for-more-og-romsdal/>